

IKT-strategiplan for
Sunndal vidaregåande skole
for perioden 2009-2011

1 INNHALD

IKT-strategiplan for Sunndal vidaregåande skole for perioden 2009-2011.....	1
1 Innhald	2
2 Innleiing	3
3 Situasjonsskildring.....	4
3.1 Generelt	4
3.2 Pedagogisk bruk av IKT.....	4
3.3 Eleven sin IKT-bruk og kompetanse.....	4
3.4 Læraren sin IKT-bruk og kompetanse.....	4
3.5 Organisering og tilrettelegging.....	4
3.6 Infrastruktur og programvare.....	4
4 Kritiske suksessfaktorar.....	5
5 Visjon	6
6 Pedagogisk bruk av IKT.....	7
7 Elevane sin IKT-bruk og kompetanse.....	8
8 Lærarane sin IKT-bruk og kompetanse.....	9
9 Organisering og tilrettelegging.....	10
10 Infrastruktur og programvare.....	11

2 INNLEIING

Frå hausten 2007 har alle elevar og dei fleste tilsette ved Sunndal vgs hatt egne, berbare datamaskiner. Vi har fokusert på å kva moglegheiter dette ga oss og på å løyse både tekniske og pedagogiske utfordringar knytt til dette i elevane sitt læringsarbeid.

Den digitale kompetansen hos både elevar og tilsette har auka sterkt dei siste åra. Vi har deltatt i Lærande nettverk, har gjennomfør ein del kompetanseutviklingstiltak og har hatt både gleder og frustrasjonar. Skolen har hatt fleire avgrensa planer for bruk av IKT. Kompetanseutviklinga har vore svært ulik hos dei tilsette. Vi har sett eit sterkare og sterkare behov for ein samla strategiplan for IKT ved vår skole. Gjennom deltaking i IKT-abc lagar vi no ein slik plan.

Ei prosjektgruppe har styrt og gjennomført arbeidet. Tilsette og elevar har vore trekt med i prosessen.

Hovudelementa i strategien kan kort beskrivast slik:

- Læreplananalyse ut frå bruk av digitale verktøy som ein grunnleggande kompetanse
- Kompetansehevingsplan for tilsette
- Kompetansehevingsplan for elevar
- Deling av kunnskapar og ferdigheiter mellom tilsette
- Arbeid med haldningar til bruk av digitale verktøy hos elevar og hos tilsette
- Praktisering av felles reglar

3 SITUASJONSSKILDRING

3.1 Generelt

IKT blir brukt dagleg av alle lærarar og elevar. Skolen er godt utstyrt m.o.t. IKT. Bruken av IKT i læringsarbeidet varierer sterkt mellom lærarane. Lærarar og elevar har noko ulike haldningar til bruk av digitale verktøy.

3.2 Pedagogisk bruk av IKT

IKT blir brukt til undervisningsplanlegging (vekeplaner og periodeplaner), og i nokon grad til prøver og innleveringar. Bruken av IKT i gjennomføring av undervisninga er aukande, men varierer sterkt. Alle lærarar bruker til ein viss grad IKT til elevvurdering og underveisevaluering.

3.3 Eleven sin IKT-bruk og kompetanse

Elevane brukar IKT i læringsarbeidet i dei aller fleste fag. Berbare datamaskiner blir i stor grad brukt til tekstskriving i dei ulike skolefaga. LMS og nettstader (NDLA, LOKUS m.m.) blir brukt av alle elevane, men i noko varierende grad. Dei fleste elevane er aktive brukarar av sosiale nettstader (Facebook, MSN, m.m.) Elevane er positive til og godt motiverte for bruk av digitale verktøy i læringsarbeidet. Dei fleste elevane har reflekterte haldningar til bruk av internett.

3.4 Læraren sin IKT-bruk og kompetanse

Alle lærarar brukar IKT dagleg i samband med undervisninga. Den grunnleggjande kompetansen er rimeleg god. Kompetansen elles er varierende. Lærarane har rimeleg god kompetanse i bruk av fagspesifikke, digitale verktøy. Dei fleste lærarane har ei konstruktiv, men kritisk haldning til bruk av IKT i læringsarbeidet. Lærarane sine behov for auke kompetanse i digitale verktøy er kartlagt.

3.5 Organisering og tilrettelegging

Bevaring og deling av kompetanse i fagspesifikk programvare blir ivaretatt ved at aktuelle lærarar har kontorplass nær kvarandre og ved at det er sett av tid til fagspesifikt samarbeid i lærarane sin arbeidsplan.

Bevaring og deling av kompetanse i gjennomgåande digitale verktøy blir i hovudsak ivaretatt ved at skolen har superbrukarar og læringar i tillegg til IKT ansvarleg. I tillegg samarbeider lærarane i kontorfellesskap på 3 - 6 personar.

Skolen bruker heimeside, e-post og mobiltelefonar i elektronisk kommunikasjon med føresette. Heimesida blir i hovudsak oppdatert av ein person.

Datetryggleiken blir ivaretatt gjennom fylket sitt IKT-system og ved eigne risikovurderingar ved skolen.

Bevaring og deling av fellesressursar blir delvis ivaretatt gjennom bruk av LMS.

3.6 Infrastruktur og programvare

Skolen føl fylket sine standardar for IKT-plattform for læringsarbeid og for administrative oppgåver. Fylkesnettverket sikrar stabil drift eksternt. Driftinga av berbare datamaskiner blir i hovudsak ivaretatt av den enkelte og av skolen sine ressurspersonar. Alle elevar og tilsette er unike brukarar i skolen sitt datasystem. Elevar og lærarar har FEIDE-identitet.

4 KRITISKE SUKSESSFaktorAR

Her har vi gjort ein analyse av sterke sider, svakheiter, moglegheiter og truslar ved skolen. Vi er særskilt opptekne av å utnytte styrke og moglegheiter, i tillegg til å kompensere for svakheitene og vege opp for truslane.

Styrker	Svakheiter
<p>Interne styrker vi kan nytte betre</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skoleleiinga er pådrivar for bruk av IKT • Godt støtteapparat med lærlingar, IKT-ansvarleg og superbrukarar • God kompetanse på bruk av pedagogisk programvare og IKT-utstyr hos enkeltlærarar • Godt med IKT-utstyr generelt • Alle elevar og lærarar har berbare datamaskiner • Fleire elevar har god kompetanse på bruk av IKT på nokre område • God kvalitet og kapasitet på nettverket 	<p>Interne svakheiter som vi bør kompensere for</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevmaskiner som ikkje alltid er heilt i orden når dei skal brukast • Lærarane bruker ikkje godt nok dei moglegheitene pedagogisk programvare gir • Manglande og varierende kompetanse i bruk av IKT hos elevar og tilsette • Ikkje tilstrekkeleg erfaringsutveksling og læring mellom lærarane • Lærarane handterer ikkje dei interne reglane for bruk av IKT godt nok • Bruk av IKT kan gi auka fare for lekkasje av personopplysingar • Auka moglegheiter for juks ved bruk av data i vurderingssituasjonar • Svært ulike meiningar i personalet om verdien av IKT-bruk i elevane sitt læringsarbeid • Manglande plass til nødvendig programvare på elevane sine datamaskiner • Proxy-serveren på elevnettet blir oppfatta som eit hinder for bruk av IKT • Berre ein person skriv på skolen si heimeside • Sårbarheit (Kva med tilgangen til internett når vi har interne feil på nettverket?) • Unge og vaksne har ulike haldningar til bruk av IKT
Moglegheiter	Truslar
<p>Eksterne moglegheiter vi kan nytte betre</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gode undervisningsopplegg på nettstader (NDLA, LOKUS,..) • Bruk av fagnettverka i fylket • Kurs, opplæring • Kompetanse i fylkesadministrasjonen (IT-avdelinga, UngWeb, spisskompetanse på Fronter....) • Gratis, billig og god programvare • Bli kjent med bruk av IKT i lokale bedrifter • Samarbeid med andre skolar 	<p>Eksterne truslar vi må vere obs på</p> <ul style="list-style-type: none"> • Reglane for bruk av IKT til eksamen blir opplevd som noko uklære • Beredskap til eksamen i tilfelle internett er nede? • Interessante «fritidsnettstader» forstyrrer læringsarbeidet (skoletid + mangel på søvn) • Virusangrep via elevmaskiner

5 VISJON

Vi utdannar samfunnsaktiv ungdom med god digital kompetanse - ungdom med ope sinn til og kritisk bruk av digitale verktøy

Ved Sunndal vgs skal elevane sitt læringsarbeid vere prega av digitale verktøy gjennom

- bruk av både lærebøker og digitale læremiddel i alle fag
- god kompetanse i læring ved bruk av IKT
- at digitale verktøy i hovudsak blir brukt til læringsarbeid
- auka motivasjon for læring ved bruk av digitale verktøy
- digital kommunikasjon mellom elevar og lærarar

6 PEDAGOGISK BRUK AV IKT

Dette innsatsområdet handlar om mål og strategiar for korleis skolen skal bruke IKT til førebuing, gjennomføring og evaluering av undervisning og læring. Digitale læremiddel er også ein del av dette.

Mål	Tid	Strategi
IKT blir brukt i alle fag	01.12.2009	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bruke digitale verktøy ut frå læreplanar i alle fag ▪ Auka bruk av Fronter
Vurdering av elevane i forhold til kompetansemåla i alle fag er tilgjengeleg på Fronter eller i SkoleArena	01.10.2009	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Oppfrisking av korleis dette gjerast. ▪ Oppfølging frå avdelingsleiarane ▪ Knytte arbeidet mot ny vurderingsforskrift
IKT blir brukt til tilpassa opplæring	01.12.2009	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Synleggjere korleis IKT kan brukast til tilpassa opplæring i fag ▪ Lage opplegg for tilpassa opplæring i forhold til faga ▪ Legge til rette for samarbeid mellom lærarar med same fag
Alle elevar bruker digitale læremiddel som eit naturleg verktøy for å nå faglege mål	01.02.2010	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bruke Fronter aktivt i alle klassar og grupper til informasjonsutveksling og innleveringar. ▪ Fråver og vurderingar førast i SkoleArena og blir tilgjengelege for elevane der ▪ Kommunikasjon mellom elev og lærar og mellom skole og heim foregår digitalt der det er tenleg ▪ Lage retningslinjer for handtering av personopplysingar i digital kommunikasjon ▪ Bruke Ephorus og andre verkemiddel for å redusere moglegheit for juks ▪ Bruke IKT ved eksamen
Skolen møter elevane digitalt i delar av læringsarbeidet	01.10.2010	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bruke elevane sin kompetanse i handhaltdt teknologi ved elevarbeid ▪ Lærarane brukar web 2.0 aktivt i undervisninga ▪ Digitale verktøy elevane kjenner godt brukast i læringsarbeidet (ipod, podcast, mobiltelefon, facebook, twitter, Youtube....)
Alle elevar får høve til å skape og produsere eigne digitale produkt	01.10.2010	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilby elevar og lærarar opplæring i digital behandling av lyd, bilde, film, media og animasjon ▪ Skolen etablerer ungdomsbedrift i media som dekker spesielle hendingar gjennom ulike digitale media

7 ELEVANE SIN IKT-BRUK OG KOMPETANSE

Dette innsatsområdet omfattar kva kompetansekrav og mål ein skal ha for elevane, og korleis dei skal bruke IKT i læring og utvikling.

Mål	Tid	Strategi
Alle elevar har grunnleggande digital kompetanse i tråd med mål i læreplanar	01.12.2009	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kartlegge ferdigheitene til Vg1 elevane ved skolestart ▪ Gi elevar som treng det grunnleggande opplæring i filbehandling og OpenOffice ▪ Gi elevar som reng det grunnleggande Fronter-opplæring ▪ Bruke IKT i alle fag i tråd med læreplanmåla
Skolens elevar bruker IKT på ein reflektert måte	01.12.2009	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gi alle elevar tilbod om opplæring i søketeknikkar, kjeldebruk, kjeldekritikk og nettvett og gjennomføre fagintegrerte undervisningsopplegg knytt til dette ▪ Gi alle elevar tilbod om grunnleggande opplæring i reglar knytt til publisering og bruk av eigenprodusert og andre sine tekstar, lyd og bilde ▪ Ta opp problematikk kring dataspel på møte med føresette. Kartlegge problematikken ved vår skole ▪ Følge opp enkeltelevar
90% av elevane er nøgde med skolens IKT-bruk	01.04.2010	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bruke resultat frå Elevundersøkinga til vidareutvikling
Alle elevar bruker digitale vurderingsmapper i norsk	01.02.2010	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skriftleg vurdering skjer digitalt gjennom ulike verktøy i SkoleArena og Fronter
Alle elevar bruker visningsportefølgen i Fronter	01.10.2011	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Lærarar og elevar på Vg1 bruker visningsportefølgen i Fronter for digital kompetanse ▪ Læreplanmål om bruk av digitale verktøy blir lagt inn i Fronter
Elevane sine datamaskiner er i orden når dei skal brukast	01.10.2009	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Opplæring i drifting av eigen datamaskin ▪ Avgrensa hjelp til vedlikehald av datamaskin gjennom bruk av fagpersonar på IKT

8 LÆRARANE SIN IKT-BRUK OG KOMPETANSE

Dette innsatsområdet handlar om lærarane sin kompetanse innan IKT og strategiar for korleis dei skal tileigne seg og vidareutvikle denne, og korleis dei skal bruke IKT i undervisning og eige arbeid.

Mål	Tid	Strategi
Lærarane underviser i alle læreplanmål knytt til IKT i sine fag	01.05.2010	<ul style="list-style-type: none">▪ Kompetanseheving og bevisstgjerung ut frå gjennomført læreplananalyse▪ Seksjonsvis samarbeid
<i>Lærarane hevar systematisk og jamnleg sin kompetanse i bruk av digitale verktøy</i>	01.12.2009	<ul style="list-style-type: none">▪ Kompetanseplanen er individuell og blir tilpassa den enkelte lærar kvart år.▪ Kompetansehevinga blir gjennomført i samarbeid mellom den enkelte lærar og avdelingsleiar
Alle lærarar beherskar dei vanlegaste dataprogramma og teknikkane på ein tilfredsstillande måte	01.03.2010	<ul style="list-style-type: none">▪ Avdelingsleiar tilrettelegg for intern kompetanseheving ut frå kompetanseplanane▪ Alle lærarar skal registrerer karakterar i Skolearena.▪ Alle lærarar skal ta i bruk innleveringsmapper og bruke prøveverktøyet i Fronter▪ Alle lærarar skal få opplæring i bruk av presentasjonsprogram▪ Elevar gir tilsette opplæring i bruk av Web 2.0 verktøy
Vi utnyttar eksisterande digital kompetanse hos lærarane	01.01.2010	<ul style="list-style-type: none">▪ Legge til rette for at lærarar får tid til å utvikle digitale undervisningsopplegg▪ Fellestid skal innehalde tips om digitale læringsressursar.▪ Fagseksjonane skal lage oversikt over aktuelle digitale verktøy
Lærarane handterer dei interne IKT-reglane godt	01.08.2009	<ul style="list-style-type: none">▪ Ha trykk på bruk av reglane ved skolestart▪ Legge til rette for auka samarbeid mellom lærarar som har same elevgrupper▪ Avdelingsleiarane føl opp bruken av reglane gjennom skoleåret
Vi er kjent med bruken av digitale verktøy i lokale bedrifter	01.12.2010	<ul style="list-style-type: none">▪ Bedriftsbesøk med fokus på bruk av digitale verktøy

9 ORGANISERING OG TILRETTELEGGING

Dette innsatsområdet set fokus på korleis skolen skal organisere seg for å legge til rette for effektiv bruk av IKT innan administrering, undervisning og kommunikasjon med heim og lokalsamfunn. Vi legg også vekt på rutinar for datatryggleik.

Mål	Tid	Strategi
<i>Vi arbeider systematisk med Ikt ut frå ein levande IKT-strategi</i>	01.05.2010 01.05.2011	<ul style="list-style-type: none">▪ IKT-planen blir evaluert og justert årleg
Den pedagogiske IKT-kompetansen blir ivarettatt, delt og utvikla	01.08.2009	<ul style="list-style-type: none">▪ Avsette tid i lærarane sin arbeidsplan.▪ Planfeste tidspunkt for samarbeid i lærargrupper▪ Interne opplæring
Vi har ein god delingskultur	01.12.2009	<ul style="list-style-type: none">▪ Samarbeid seksjonsvis og på tvers av seksjonar om utvikling av delingskultur▪ Bruke fagrom i Fronter til deling av læringsressursar▪ Informere og gi nye lærarar og opplæring i rutiner for samarbeid og deling av erfaring og ressursar.▪ Bruke fellestid til erfaringsdeling
Vi kommuniserer digitalt med føresette	01.10.2009	<ul style="list-style-type: none">▪ Oppdatere skolen si heimeside kvar veke▪ Etablere redaksjonsgruppe for skolens heimeside▪ Lage rutiner for digital kommunikasjon mellom føresette og kontaktlærarar for umyndige elevar
Vi handterer eventuelle nettverksfeil slik at elevvurderinga ikkje blir skadelidande	01.10.2010	<ul style="list-style-type: none">▪ Lage nye rutiner for gjennomføring av heildagsprøver og eksamen ved nettverksfeil

10 INFRASTRUKTUR OG PROGRAMVARE

Dette innsatsområdet handlar om kva slags teknologi skolen er avhengig av for å kunne nå ambisjonane innan IKT. Dette gjeld til dømes infrastruktur som datamaskiner og bandbreidde, men også kva slags programvare og systemoppsett ein skal ha, og andre digitale verktøy.

Mål	Tid	Strategi
Lærarar og elevar brukar tilgjengelege nettbasert programvare i alle fag	01.10.2010 01.10.2011	<ul style="list-style-type: none">Fagseksjonane skal utforske og evaluere programvare og digitale læringsressursarVurdere spesielt NDLA, LOKUS og Industriskolen sine nettbaserte læringsressursar
<i>Det er enkelt å kome på internett ved å bruke skolen sitt trådlause nettverk</i>	01.08.2009	<ul style="list-style-type: none">Proxyserveren blir erstatta med transparent proxy slik at elevar og tilsette slepp å stille om nettlesaren
Vi har ein tenleg struktur av personalressursar til brukarstøtte	01.08.2009	<ul style="list-style-type: none">Prøve ut ordning med IKT-fagpersonJustere ordninga med superbrukarar
Tilsette har moderne datamaskiner	01.03.2010 01.03.2011	<ul style="list-style-type: none">Skifte ut ¼ av dei berbare datamaskinene kvart år
Vi kan vise bilde, lyd og film i alle klasserom	01.02.2010	<ul style="list-style-type: none">Videokanon og høgtalarar i alle klasserom
Det er enkelt for elevar og tilsette å ta utskrift på skolen	01.08.2009	<ul style="list-style-type: none">Utskriftordninga Bifrost blir innført